



Åsane Byggmesterforretning As
Hesthaugvegen 18
5119 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2696 - 22/93832

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
08.12.2022

Igangsetjingsløyve for grunn- og betongarbeid for bustad 8 på område BB5 - gbnr 137/185 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 1407/22
Tiltakshavar: Sommerro Panorama AS
Ansvarleg søkjar: Åsane Byggmesterforretning As
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a), jf. § 21-2, 5.ledd, vert det gjeve igangsetjingsløyve for grunn- og betongarbeidet i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve datert 10.06.2022 med vilkår gjeld for tiltaket.
2. Oppdaterte teikningar merka E1 og E2 datert 23.11.2022 vert lagt til grunn for tiltaket.
3. Oppdatert gjennomføringsplan i samsvar mellom erklæringer om ansvar må sendast inn.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkøyrsløp.
3. Rekkfølgekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
4. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjing av grunn- og betongarbeid knytt til oppføring av bustadblokk 8 på område BB5 slik godkjend i rammeløyve datert 10.06.2022.

Det er i søknaden gjort greie for at Åsane Byggmesterforretning AS har overtatt rolla som ansvarleg sækjar.

Det vert elles vist til søknad mottatt 30.11.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 30.11.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Vilkåra i rammeløyve er vurdert oppfylt, og det kan gjevast igangsetjingsløyve slik det er søkt om. Oppdaterte teikningar merka E1 og E2 datert 23.11.2022 vert lagt til grunn for tiltaket.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg sækjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse slik det går fram av erklæringer om ansvarsrett. Vi gjer merksam på at det ikkje er samsvar mellom tiltaksklasse for tømrararbeid i erklæring om ansvarsrett frå Åsane byggmesterforretning AS og gjennomføringsplanen og at dette må rettast opp før innsending av ny søknad om igangsetjingsløyve.

Det vert vidare lagt til grunn at Reigstad Bygg og Eigedom AS si erklæring om ansvar for arkitekturprosjektering utgår og at nødvendige ansvarsrettar i saka er dekkja av dei erklæringer som no ligg i saka.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnleggjast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2696

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sommerro Panorama AS	Osterfjordvegen 5914 124	ISDALSTØ
----------------------	-----------------------------	----------

Mottakarar:

Åsane Byggmesterforretning As	Hesthaugvegen 5119 18	ULSET
-------------------------------	--------------------------	-------